

## Ad. Fordeling av Kompensasjonsmidlar og habiliteten til ordførar Jostein Ljones

Vi har fått spørsmål om vurdering av habiliteten til ordførar Jostein Ljones i Kvam herad i samband med arbeidet med fordeling av kompensasjonsmidlar for arbeidsgjevaravgift. Det har og vore stilt spørsmål ved leiar for Kvam næringsråd, Torleiv Ljones, si rolle som rådgjevar.

Redaktør og journalist Sigbjørn Linga har på vegne av Hordaland folkeblad stilt spørsmål om ordførar Jostein Ljones sin habilitet.

Ordførar Jostein Ljones er medlem i styringsgruppa for bruk av kompensasjonsmidlar i Hordaland. Denne styringsgruppa lagar innstilling til fylkesutvalet om fordeling av kompensasjonsmidlane. Styringsgruppa består av ordføraren i Bømlo kommune, ordførar Jostein Ljones i Kvam herad, Ordførar i Modalen kommune, ordførar i Etne kommune samt ein representant frå næringslivet i Kvam herad, Svein Ove Lid. Gro Jensen Gjerde (samarbeidsrådet for Sunnhordland) har hatt funksjon som sekretariat og sakshandsamar.

Ordførar Jostein Ljones er og medlem i ei lokal styringsgruppe i Kvam. *Denne gjev uttale om bruken av kompensasjonsmidlar til sekretariatet for ordninga, samarbeidsrådet for Sunnhordland.* Denne gruppa består av Jostein Ljones og Svein Ove Lid.

Fylkesutvalet gjer endeleg vedtak om fordeling av kompensasjonsmidlane.

Torleiv Ljones er leiar for Kvam næringsråd og har fungert som ein rådgjevar/kontaktperson for Gro Jensen Gjerde. Torleiv Ljones sendte søknadane om kompensasjonsmidlar til Kvam herad. Torleiv Ljones er far til ordførar Jostein Ljones. Kvam næringsråd er ein av sækjarane om kompensasjonsmidlane, mellom anna for prosjektet Zip-line Norheimsund.

Rådmannen i Kvam kommune har vurdert habiliteten til ordførar Jostein Ljones. Han konkluderer med at ordførar Jostein Ljones er inhabil i saka etter fvl. § 6 2. ledd. Rådmannen presiserer at han har kome fram til konklusjonen under sterk tvil og at det er *«Fylkeskommunen som prosesseigar som eventuelt må fatte ei endeleg avgjerd i habilitetsspørsmålet».*

Ein vil kort presisera at forvaltningslova kjem til anvendelse her jfr § 1, tildeling av kompensasjonsmidlar er å rekne som eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2.

Forvaltningsloven § 6 1. ledd:

*«En offentlig tjenestemann er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffe avgjørelse i en forvaltningssak*

*b) når han er i slekt eller svogerskap med en part i opp- eller nedstigende linje eller i sidelinje så nær som søsken»*

Ein kan ikkje sjå at det ligg føre inhabilitet etter fvl § 6 1. ledd b for ordførar Jostein Ljones. Her er det faren, Torleiv Ljones, som er leiar i Kvam næringsråd. Det er Kvam næringsråd som vil vera part i saka, ikkje styreleiar eller det enkelte styremedlem.

*«e) når han er leder eller har ledende stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for*

*1. et samvirkeforetak, eller en forening, sparebank eller stiftelse som er part i saken, eller*

*2. et selskap som er part i saken. Dette gjelder likevel ikke for person som utfører tjeneste eller arbeid for et selskap som er fullt ut offentlig eid og dette selskapet, alene eller sammen med andre tilsvarende selskaper eller det offentlige, fullt ut eier selskapet som er part i saken.»*

I denne saka har ikkje ordførar Jostein Ljones ei leiande stilling i eit selskap som er part i saka. Det er far hans som er leiar for Kvam næringsråd. Ein kan difor ikkje sjå at lova § 6 1. ledd bokstav e kjem til anvendelse her.

Det må difor vurderast om Jostein Ljones kan vera inhabil etter den skjønsmessige regelen i fvl. § 6 2. ledd.

Forvaltningslova § 6 2. ledd lyder:

*«Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for han*

*selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til. Det skal også legges vekt på om ugildhetsinnsigelse er reist av en part.»*

Ordfører Jostein Ljones er son til Torleiv Ljones, som er leiar av Kvam næringsråd. Denne tilknytninga, far-son relasjonen oppfyller vilkåret i fvl. § 6 2. ledd «*nær personlig tilknytning*». Torleiv Ljones er initiativtakar til prosjektet zip-line Norheimsund. Slik det går fram av saka har han arbeid aktivt for prosjektet og har vore med i utforminga av søknaden om kompensasjonsmidlane. Dette er noko som taler for at det ligg føre «særegne forhold» som er egna til å «*svekke tilliten til hans upartiskhet*». Det skal og leggast vekt på om det «særlige tilknytningsforholdet» sett utanfrå er egna til å svekke tilliten til ordfører Ljones sin «upartiskhet». Her er det fleire forhold som kan vera med på å svekke tilliten til om søknadene om kompensasjonsmidlar får en rettviss og uhilda handsaming. Det er uheldig at Torleiv Ljones har vore involvert i denne prosessen. Han har og vore til stades på møtet i styringsgruppa den 2. mars 2017, sjølv om han trådte frå når styringsgruppa skulle prioritera og tildela midlane. Han har og fungert som ein kontaktperson for Gro Jensen Gjerde som har sekretariatfunksjon for styringsgruppa. Dette er eit «særleg tilknytningsforhold» som utanfrå er egna til å svekke tilliten til ordfører Ljones sin upartiskhet. Omsynet bak reglane om inhabilitet er at det vert stilt etiske krav til den som opptre på vegne av forvaltninga og at ålmennheita har tillit til forvaltninga.

Ein vurderer det slik at den tette og nære relasjonen mellom ordfører Jostein Ljones og Torleiv Ljones saman med ein uheldig samanblanding av roller, gjer at dette er eit «*særegent forhold*» som er egna til å svekke tilliten til ordfører Ljones sin habilitet i denne saka, Jfr. forvaltningslova § 6 2. ledd.

**Konklusjon:** Ordfører Jostein Ljones er inhabil, Jfr. forvaltningslova § 6 2. ledd.

**Vår anbefaling:** Ordfører Jostein Ljones kan ikkje delta i handsaminga av denne saka.

Det er utvalet som tek avgjerd om inhabilitet, jfr. fvl. § 8 2. ledd. Vi ber difor om at styringsgruppa tek stilling til hans habilitet i møtet.

Vi gjer for ordens skuld merksam på at vi her berre har vurdert ordfører Jostein Ljones sin habilitet. Vi tek ikkje stilling til eventuelle konsekvensar av ein inhabilitet. Dersom de ynskjer eventuelle følgjer av ein inhabilitet vurdert, så er de velkommen til å ta kontakt med fylkessekretariatet etter påske.